

Norske pengespel

Gaming in Norway

2 0 0 1

2 0 0 2

2 0 0 3

Statistikk over statlege spel,
private spel og lotteri

*Annual statistics report from
The Norwegian Gaming Board*



LOTTERITILSYNET

Denne statistikken er også tilgjengelig i PDF-format på
www.lotteritilsynet.no

I N N H A L D

Føreord	4
Samandrag	5
Endring i omsetning	13
Norsk Tipping og Extra	16
Norsk Rikstoto	21
Prøvekonsesjonar på Internett og SMS	24
Nye plattformer for spel og betalingsformidling	26
Automatar	28
Bingo	33
Andre lotteri	38
English summary	42
Vedlegg	44

Pengespel i sterk vekst

Den tredje, komplette årsstatistikken for pengespel i Noreg viser at nordmenn i 2003 brukte 37,5 milliardar kroner på lovlege spel og lotteri. Samanlikna med 2002, er dette ein auke på 7,4 milliardar kroner, eller 24 prosent. Veksten i brutto omsetnad held med andre ord fram frå tidlegare år.

Netto omsetnad (omsetnad etter utbetaling av gevinst) auka frå 9,7 milliardar kroner i 2002 til 10,9 milliardar kroner i 2003. Dette utgjør ein auke på 13 prosent. Årsaka til at veksten i netto omsetnad er mindre enn veksten i brutto omsetnad, er at ein større del av omsetnaden i 2003 kom på spel på utbetalingsautomatar med høgare gevinstprosent enn andre spel.

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann totalt for 8 217 kroner i 2003, og kvar innbyggjar tapte i gjennomsnitt 2 394 kroner.

Formåla kunne i fjor innkassere 5,3 milliardar kroner frå den norske spelmarknaden, og dette er 433 millionar kroner meir enn i 2002. Resten av netto-omsetnaden blir fordelt til operatørar, entreprenørar, lokalinnehavarar og kommisjonærar.

Dei største bidragsytarane til formåla er Norsk Tipping og utbetalingsautomatane.

Det er spel på gevinstautomatar som utgjør den dominerande delen av omsetnaden. Frå 2002 til 2003 auka bruttoomsetnaden på gevinstautomatane med 48 prosent, frå 15,4 milliardar til 22,8 milliardar kroner. Av ein total brutto omsetnad i 2003 på 37,5 milliardar kroner, står altså gevinstautomatane for 22,8 milliardar kroner.

I statistikkpakken går det fram at både Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har hatt ein sterk auke i omsetnaden på spel over Internett gjennom prøvekonsesjonane som går ut ved årsskiftet. Totalt spelte nordmenn for 380 millionar kroner på dei godkjende, norske nettstadene i 2003 mot 213 millionar kroner i 2002.

Undersøkingar som Opinion AS har utført for Lotteritilsynet, har gjort at vi kan berekne at nordmenn spelte for om lag 1,4 milliardar kroner på utanlandske nettstader i 2003.

Denne publikasjonen inneheld statistikk for heile bransjen, frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto sine tilbod, til bingo, utbetalingsautomatar, landslotteri og lokale lotteri. Utan velviljen som er vist oss frå heile den norske pengespelmarknaden ville det ha vore umogleg å utarbeide denne komplette statistikkpakken.

Vi takkar for samarbeidet.

Førde, november 2004

*Atle Hamar
Direktør*

Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2003 omsett for 37,5 milliardar kroner. Av dette gjekk 26,6 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinst.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 10,9 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnhavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2003

År 2003	Millionar	
	NOK	EUR ¹
Brutto omsetning (spelt for) ²	37 509	4 686
Gevinst	26 582	3 321
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	10 926	1 365

År 2003	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar ³	8 217	1 027	2 394	299
Per innbyggjar 15 år og eldre	10 264	1 282	2 990	374
Per husstand ⁴	18 899	2 361	5 505	688
Prosent av disponibel inntekt ⁵		4,93%		1,44%

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 8 217 kroner i 2003.

Om vi trekkjer frå gevinstantane vil kvar innbyggjar ha lagt igjen 2 394 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjer dette 1,44%. Tilsvarande prosent i 2002 var 1,34%.

¹ Middelkurs 2003 frå Norges Bank 8,0039.


² For gevinstautomatar utgjer brutto omsetning innbetalt innsatsbeløp, dvs. at verdi av gjenspel ikkje er medrekna.

³ Gjennomsnittleg folketal frå SSB, www.ssb.no 31/12-2002 og 31/12-2003.

⁴ Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,3 (Statistisk årbok (SSB)).

⁵ Statistisk årbok (SSB), «Husholdninger. Inntekter, utgifter og sparing.» Disponibel inntekt 761 367 millionar kroner.

Brutto omsetning i millionar kroner i 2003



I 2003 spelte nordmenn for 37,5 milliardar kroner. Om lag 61% blei spelt på gevinstautomatar⁶. På Norsk Tipping sine spel satsa nordmenn samla nær 9 milliardar, og i tillegg i overkant av 0,8 milliard på Extralotteriet som også Norsk Tipping opererer. På hestesport spelte nordmenn for i overkant av 2,4 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

I tillegg til gevinstautomatar er det bingo, lotteri, Internett-spelet tivoli.no og SMS-spelet SMS.jackpot som utgjer den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på om lag 1,9 milliard, der entreprenørbingoen utgjer størsteparten, 1,6 milliard inkludert sidespel i bingo (elektroniske⁸ og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør er estimert til 0,31 milliard.

I det andre driftsåret hadde Internett-spelet tivoli.no ei omsetning på 11,9 millionar, medan SMS-spelet SMS.jackpot omsette for 1,1 million.

Blant dei andre lotteria er det landslotteria som hadde størst omsetning, 0,53 milliard kroner⁹. For dei øvrige lotteria¹⁰ estimerer vi omsetninga til 100 millionar kroner.

Samla brutto omsetning auka frå 30,1 milliardar kroner i 2002. Diagrammet syner også omsetninga i 2001 og 2002, og då ser vi at endringa (veksten) også i 2003 var størst for automatane.

⁶ Beløpet er utan gjenspel, dvs. at vi ikkje har rekna med verdien av gevinstar som er brukte til nye spel i staden for å bli utbetalt.


⁷ Vi har i tillegg registrert og estimert om lag 34 millionar i omsetning på underhaldningsautomatar.

⁸ Bingoautomatar og databingo.

⁹ Omsetninga 531 mill. er inklusiv 6 mill. i andre inntekter enn loddsal.

¹⁰ Lykkespel er medrekna når lotteriet er sidespel i bingo, men ikkje basar og tivoli. (dei fleste løyva som er gitt (over 90 %) er imidlertid sidespel i bingo).

Samandrag



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Rikstoto til saman 30% av marknaden. Tilsvarande marknadsdel i 2002 var 38%, og 47% i 2001.

Gevinstar og pengepremiar i 2003

Tal i millionar	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	8 921	4 782	4 140	54%
Norsk Rikstoto	2 414	1 604	810	66%
Extra – Stiftelsen Helse og Rehabilitering	822	411	411	50%
Automatar *	22 789	18 279	4 510	80%
Bingo med entreprenør*	1 609	1 197	411	74%
tivoli.no/SMS.jackpot	13	10	3	77% ¹¹
Landslotteri	531	90	441	17%
Bingo utan entreprenør**	310	190	120	61%
Lokale/regionale lotteri**	100	20	80	20%
Totalt	37 509	26 582	10 926	71%

*) Delar av omsetninga (mest for brutto) er estimert for gevinstautomatar.

For entreprenørbingo er brutto omsetning estimert for delar av elektroniske sidespel.

**) Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er utelukkande estimat basert på rapportar frå politiet og utval av rekneskap (sjå vedlegg).

Spelarane vann tilbake totalt 26,6 milliardar kroner av innsatsen på 37,5 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå automatar, Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og bingo. I prosent mest tilbake frå automatar (80%) tivoli.no (79%) og entreprenørbingo (74%).

For automatar er dette den del av gevinsten som blir fysisk utbetalt. Det same kan gjelde for elektroniske sidespel i bingo.


For lotteri bokfører ein ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. For vinnaren kan premien ha høgare verdi enn det som kjem fram i rekneskapen. Lotteri kan oppnå rabattar ved kjøp av premiar, og til mindre lotteri er gjerne premiar gitt som gåver utan at dette går fram av rekneskap.

⁶ Gevinstprosent tivoli.no er 79 %, for SMS.jackpot 49 %.

Samandrag

Sidan gevinstprosenten er relativt høg for gevinstautomatar og for fleire andre spel frå private entreprenørar, er ikkje skilnadene mellom marknadsdelar så store når ein ser på netto omsetning, men også etter at gevinstane er utbetalt har automatane størst omsetning.

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2003



Målt etter netto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Rikstoto til saman 45% av marknaden. I 2002 hadde dei til saman 51%, og i 2001 54%. Reduksjonen her er mindre enn for brutto omsetning.

Fordeling til formål og administrative kostnader i 2003

	Netto omsetning		Formål		Administrative kostnader	
	Mill	Mill	Prosent	Mill	Prosent	
Norsk Tipping	4 140	2 620	63%	1 519	37%	
Norsk Rikstoto	810	410	51%	400	49%	
Extra	411	203	49%	129	31%	
- NT's op.godtgj. til NT-formål		80	19%			
Automatar	4 510	1 691	37%	2 820	63%	
Bingo med entreprenør	411	55	13%	356	87%	
tivoli.no/SMS.jackpot	3,0	1,7	55%	1,3	45%	
Landslotteri	441	135	31%	306	69%	
Bingo utan entreprenør	120*	80*	67%	40*	33%	
Lokale/regionale lotteri	80*	70*	88%	10*	13%	
Totalt	10 926	5 346	49%	5 581	51%	

*) Estimerte og avrunda beløp


Samandrag

Formåla sine inntekter utgjorde totalt 5,3 milliardar kroner. Største del av inntektene (2,6 mrd.) kom frå Norsk Tipping. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (63%). Også Norsk Rikstoto hadde ein forholdsvis stor prosentvis del (51%, eller 410 mill).

Automatane bidrog også med ein stor del til formåla (nær 1,7 mrd.), men prosentvis mindre del av netto omsetning (37%).

Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå lokale lotteri, bingo utan entreprenør, tivoli.no og SMS.jackpot forutan Extra. For dei andre utgjorde formåla sine inntekter mindre enn halvparten av netto omsetning. Minst del til formåla hadde entreprenørbingo (13% eller 55 mill).

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteri.



Administrative kostnader¹² utgjorde totalt nær 5,6 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største del av kostnaden (2,8 mrd.) skriv seg frå automatane der ein også har ein forholdsvis stor prosentvis del kostnader (totalt 63%). Større kostnadsbeløp kom også frå Norsk Tipping (1,5 mrd.) og Norsk Rikstoto sine spel (0,4 mrd.), men her var den prosentvise delen forholdsvis mindre (høvesvis 37% og 49%).

Blant dei private spela utgjorde administrative kostnader for bingo med entreprenør 87% av netto omsetning, landslotteri 69% og automatatar 63%.

Kor stor del av kostnadene som gjekk til eventuell tredjepart kan vi synleggjere for Norsk Tipping, Extra, Norsk Rikstoto og gevinstautomatane. For andre spel/lotteri der vi ikkje har slike tal kan det også vere slike utgifter, t.d. til kommisjonær, telemarketing osv.

¹² Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Samandrag

Netto omsetning i 2003 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill	Kostnader til kommisjonær eller lokalinnehavar Mill	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	4 140	653	16%
Extra	411	62	15%
Norsk Rikstoto	810	143	18%
Automatar	4 510	891	20%
Totalt	9 871	1 749	18%

Frå desse spela gjekk over 1,7 milliard kroner, eller 18% av netto omsetning, til kommisjonær eller lokalinnehavar. Største beløpa kom frå omsetninga til Norsk Tipping og automatane. I prosent fekk tredjepart mest frå automatomsetninga.

For Norsk Rikstoto inngår omsetning gjennom løpsbaner. Omsetning via Internett inngår for Norsk Rikstoto, Norsk Tipping og Extra.

Spesielt for Norsk Rikstoto ville prosentvis del til kommisjonær blitt større om vi hadde avgrensa omsetninga til berre den del som går gjennom kommisjonærleddet. 20,6% av samla innsats på Norsk Rikstoto sine spel kom frå løpsbaner eller Internett. Problemstillinga er ikkje så aktuell for Norsk Tipping og Extra der under 2% av innsatsen kom via Internett.

Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar i 2003

Fordeling av spel- og lotteriinntekter år 2003	Mill	Prosent
Idrett	1 813	34% *
Kultur (statsbudsjett og regjeringa)	1 200	22%
Musikk/kultur/fritid	89	2% *
Forsking (statsbudsjettet)	300	6%
Hest/hestesport	410	8% *
Helse	538	10% *
Humanitær	794	15% *
Diverse	52	1% *
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	150	3%
Totalt	5 346	100%

*) I tillegg får formåla delar av 150 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 3%).

Idrett (1 813 millionar *)

Her inngår delar av overskotet frå Norsk Tipping (1 200 mill), estimert automatinntekt (558 mill), entreprenørbingo (29 mill), frå landslotteri (27 mill) og SMS.jackpot (91 000). Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og automat er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

Kultur og fritid (1 289 millionar *)

Også her er det store inntekter, men merk at det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping via statsbudsjettet (900 mill) eller som løyving frå regjeringa (300 mill).

I tillegg er det om lag 89 millionar i inntekt frå andre typar spel og lotteri, utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna (frå automatar, 74 mill., entreprenørbingo 9 mill. og landslotteri 6 mill.). Dette er friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

Forsking finansiert over statsbudsjett (300 millionar)

Desse midlane kom frå overskotet til Norsk Tipping.

I tillegg går også andre speleinntekter til forsking. Dette er forsking som lag og

Samandrag

organisasjonar sjølv initierer og finansierer. Mellom anna finansierte Stiftelsen Helse- og Rehabilitering (Extra) i 2003 forskning for 65 mill, og av idretten sine tippemidlar gjekk 23 mill. til forskings- og utviklingsarbeid.

Hest/hestesport (410 millionar)

Dette er inntekter som utelukkande kom frå Norsk Rikstoto.

Helse (538 millionar *)

Her inngår organisasjonar som til dømes Den Norske Kreftforening, Norges Blindforbund og Norges Handikapforbund. 203 mill. som Stiftelsen Helse- og Rehabilitering fekk frå Extraspelet, er med her. Desse går til prosjekt knytt til helse, sjukdom og levekår. Elles inngår 267 mill. frå automatar, 62 mill. frå landslotteri, 5 mill. frå entreprenørbingo, 0,7 mill. frå tivoli.no og 68 000 frå SMS.jackpot. Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

Humanitær (794 millionar *)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors og Redningselskapet, forutan mellom andre Redd Barna, Norsk Folkehjelp, Flyktingerådet og Lions.

Størst inntekt kom frå gevinstautomatane, utrekna til 757 mill. Røde Kors og Redningselskapet fekk ein stor del. Anna inntekt kom frå landslotteri med 28 mill, entreprenørbingo med 8 mill, tivoli.no med 0,7 mill. og frå SMS.jackpot med 23 000. Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

Diverse organisasjonar (52 millionar *)


Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom frå automatar (35 mill), entreprenørbingo (4 mill), landslotteri (13 mill) og SMS.jackpot (45 000).

Uspesifiserte inntekter (150 millionar)

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale/regionale lotteri.

Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele inntektene på formåla ovanfor, men vi reknar med at om lag 40 millionar av dette er inntekt for lokalradio og -TV.



Samandrag

Endring frå år 2002

I 2003 fekk formåla 433 millionar meir enn i 2002.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2002		2003		Endr. frå 2002	
	Mill	Prosent	Mill	Prosent	Mill	Prosent
Idrett	1 520	31%	1 813	34%	293	19%
Kultur (statsbudsjettet og regjering (2003))	1 050	21%	1 200	22%	150	14%
Musikk/kultur/fritid	60	1%	89	2%	29	48%
Forsking (statsbudsjettet)	600	12%	300	6%	-300	-50%
Hest/hestesport	435	9%	410	8%	-26	-6%
Helse	471	10%	538	10%	67	14%
Humanitær	549	11%	794	15%	245	45%
Diverse	67	1%	52	1%	-15	-23%
Uspesifisert og inngår i formål ovanfor	160	3%	150	3%	-10	-6%
Totalt	4 913	100%	5 346	100%	433	9%

Idretten og kultursektoren har via statsbudsjett og regjering fått større del av tippemidlane i 2003, medan forskinga har fått mindre. Dette er den viktigaste forklaringa til at kultursektoren har auka sine inntekter. For idretten skuldast auken i om lag like stor grad at gevinstautomatar har hatt auka omsetning i 2003.

Mindre lag og foreiningar innan musikk, kultur og fritid har og hatt ein auke, og auken i automatomsetninga er også her medverkande.

Forskinga har i 2003 fått 6% av inntektene medan dette utgjorde 12% i 2002.

Hestesporten fekk også redusert sine inntekter i 2003 samanlikna med 2002. Dette heng saman med at Norsk Rikstoto si netto omsetning blei redusert med 2%, og at ein overførte noko mindre av omsetninga til formåla i 2003.

Humanitære organisasjonar fekk ein forholdsvis stor auke i sine inntekter (45%). Ei årsak er at nokre av organisasjonane har mange gevinstautomatar, der omsetninga har auka kraftig. Om lag 95% av inntektene kjem frå gevinstautomatar (757 av 794 mill).

Helseorganisasjonane har hatt ein auke, hovudsakleg på grunn av automatinntektene.

Diversekategorien har hatt reduserte inntekter. Dette skuldast reduksjon i inntekter frå fleire typar spel og lotteri (automat, bingo og landslotteri).

Endring i omsetning

Her samanliknar vi omsetning i 2003 med 2002 og 2001. Sidan einstilte spel har ulike datagrunnlag desse åra, er grunnlaget for samanlikning ikkje alltid like godt. Dette vert kommentert nedanfor.

Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i millionar	2001	2002	2003	Endring 2002-2003
Brutto omsetning (spelt for)	22 411	30 149	37 509	24%
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	8 520	9 664	10 926	13%

Brutto omsetning har i 2003 auka med 24% frå 2002. Netto omsetning har hatt ein mindre auke. Dette skuldast at ein større del av omsetninga i 2003 gjekk gjennom spel der gevinstprosenten er høgare.

Frå 2001 til 2002 var veksten i brutto omsetning 35%.

Norsk Tipping

Tal i millionar	2001	2002	2003	Endring 2002-2003
Brutto omsetning	7 861	8 940	8 921	0%
Netto omsetning	3 739	4 056	4 140	2%

Norsk Tipping hadde om lag uendra brutto omsetning medan netto omsetning auka noko. Auken i netto omsetning skuldast at ein har hatt ein reduksjon i oddspel med høgare gevinstprosent, samstundes som brutto omsetning er oppretthalden med ein auke i spel der gevinstprosenten er lågare.

I 2002 hadde Norsk Tipping ein vekst i bruttoomsetninga på 14%.

Extra

Tal i millionar	2001	2002	2003	Endring 2002-2003
Brutto omsetning	746	794	822	4%
Netto omsetning	373	397	411	4%

4% vekst både for brutto- og netto omsetning. I 2002 var veksten 6%.

Norsk Rikstoto

Tal i millionar	2001	2002	2003	Endring 2002-2003
Brutto omsetning	2 626	2 479	2 414	-3%
Netto omsetning	888	829	810	-2%

3% reduksjon i brutto omsetning og 2% i netto omsetning. I 2002 var reduksjonen i brutto omsetning 6%.

Gevinstautomatar

Tal i millionar	2001	2002	2003	Endring 2002-2003
Brutto omsetning	8 598	15 426	22 789	48%
Netto omsetning	2 546	3 388	4 510	33%

Også i 2003 har bruttoomsetninga for gevinstantomatar auka kraftig, 48%, men mindre enn året før då auken var 72%. Generelt oppgir entreprenørane at auken dei siste to åra skuldast at ein har skifta ut automatar. I tillegg oppgir dei skifte av oppstillingsstad, tettare oppfølging og kjedesamarbeid som årsaker.

Endring i omsetning

At auken for brutto omsetning er større enn for netto omsetning skuldast at nye automatar har høgare gevinstprosent. Dette fører til at det som spelarar legg igjen i automatane ikkje har auka i same grad som auken i det ein spelte for.

For 2003 er 80% av brutto omsetning rapportert og estimatdelen utgjør 20%, der vi legg til grunn 80,21% som gevinstprosent. Viser til vedlegg for feilmarginar.

Entreprenørbingo

Tal i millionar	2001	2002	2003	Endring 2002-2003
Brutto omsetning	1 337	1 590	1 609	1%
Netto omsetning	370	395	411	4%

Bingoentreprenørar har totalt hatt ein liten vekst i omsetning, og veksten er størst for netto omsetning. Veksten kan delvis forklarast med at vi har teke med ein entreprenør der omsetninga tidlegare har vore rekna som bingo utan entreprenør.

At netto omsetning aukar meir heng mellom anna saman med at vi for elektroniske sidespel, og spesielt databingo, har fått rapportert inn lågare gevinstdelar i 2003.

I 2002 var samla vekst for alle spel i entreprenørbingo 19% for brutto omsetning.

tivoli.no/SMS.jackpot

Tal i millionar	2002	2003	Endring 2002-2003
Brutto omsetning	36,4	13,0	-64%
Netto omsetning	1,8	3,0	66%

Seinare i rapporten er desse to spela presenterte kvar for seg. Det er endringar hos tivoli.no som bidreg til skilnaden i endring for brutto og netto omsetning. Begge spela har i sitt andre driftsår hatt ein auke i netto omsetning, men for brutto omsetning er reduksjonen stor for tivoli.no. I fgl. Norske Spill AS (tivoli.no sin operatør) var 2002 eit lanseringsår der spel med høgare gevinstprosent og bruk av promoteringspengar¹³ gav høgare brutto omsetning. Med dei spel ein har hatt i 2003 har gevinstprosenten vore noko lågare. Dermed var brutto omsetning i 2003 lågare samstundes som netto omsetning vart høgare.

Landslotteri

Tal i millionar	2001	2002	2003	Endring 2002-2003
Brutto omsetning	493	454	531	17%
Netto omsetning	419	387	441	14%

Landslotteri har siste året hatt ein auke i omsetninga på 17%. For 2003 har vi med 60 lotteri, medan vi i 2002 registrerte 56. Store deler av omsetningsauken kan forklarast med at vi i år reknar med omsetninga frå to store lotteri frå same organisasjon. Auken er difor ekstraordinær.

I 2002 hadde landslotteriet ein reduksjon i brutto omsetning på 8%.

Andre spel/lotteri

Omsetning i 2003 for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri har Lotteritilsynet estimert. Sidan vi har nytta ulike måtar for estimat åra i mellom blir ikkje desse fullt ut samanliknbare frå år til år.

¹³ Pengar som nye spelarar får for å spele, men som ikkje kan takast ut direkte. Evt. gevinst av desse går til spelars spelekonto og kan då entan takast ut eller brukast på nye spel som då inngår i brutto omsetning.

Endring i omsetning

Bingo utan entreprenør

	2001	2002	2003
Tal på løyve gitt av politiet	1 500	1 200	1 050
Lotteriets estimat for omsetning ¹⁴ : (brutto omsetning)	290 mill kr	320 mill kr	310 mill kr

Totalt syner tal frå politiet og lotteriregisteret ein reduksjon i talet på lag som arrangerer bingo utan entreprenør. Omsetningsestimatet for 2002 var basert på eit utval bingorekneskap. Estimatet for 2003 er basert på same grunnlag samt einskilde 2003-rekneskapstal. I berekninga inngår også omsetning frå eventuelle sidespel.

Spesielt for radio- og TV-bingo har vi registrert større omsetning per løyve i 2003.

Lokale / regionale lotteri

	2001	2002	2003
Tal på meldingar motteke av politiet:	2 500	3 000	2 950
Tal på løyve gitt av politiet:	380	170	150
Lotteritilsynets estimat for omsetning ¹⁵ : (brutto omsetning)	100 mill kr	110 mill kr	100 mill kr

Totalt ser vi ein knapp reduksjon i talet på lotteri frå 2002 til 2003.

¹⁴ Estimert omsetning avrunding til næraste 10 mill.

¹⁵ Estimert omsetning avrunding til næraste 10 mill.

Norsk Tipping AS – og Extra

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 8,92 milliardar kroner i år 2003. I tillegg er NT operatør for talspelet Extra som hadde ei omsetning på 0,82 milliard.¹⁶



63% av samla innsats vart satsa på talspel (Lotto, Viking Lotto og Joker). Legg ein til omsetninga frå Flax, kjem 73% av omsetninga frå spel der sjansen for gevinst er heilt tilfeldig.

Sportspela Tipping og Oddsen stod for 27% av omsetninga. Dette er spel der kunnskap om sport kan auke vinnarsjansane. I 2002 stod sportspela for 30% av omsetninga.

Brutto omsetning fordelt på type spel	Millionar	Prosent
Talspel: Lotto, Viking Lotto og Joker	5 586,4	63%
Sportspel: Tipping og Oddsen	2 439,1	27%
Skrapelodd: Flax	895,5	10%
Total brutto omsetning	8 921,0	100%

Omsetning og gevinst - i millionar	Talspel	Sportspel	Skrapelodd	Totalt
Total brutto omsetning	5 586,4	2 439,1	895,5	8 921,0
Totalt til gevinst	2 793,2	1 528,9	459,4	4 781,5
Total netto omsetning	2 793,2	910,2	436,1	4 139,5

Omsetning og gevinst - i prosent av brutto omsetning	Talspel	Sportspel	Skrapelodd	Totalt
Total brutto omsetning	100%	100%	100%	100%
Totalt til gevinst	50%	63%	51%	54%
Total netto omsetning	50%	37%	49%	46%

Norsk Tipping AS – og Extra

Totalt gjekk 54% tilbake til spelar som gevinst. 46% gjekk til fordeling mellom operatør, kommisjonærar og formål.

Størst gevinstdel gav sportsspel der oddsspela hadde høgste prosent. Oddsspel hadde ein samla gevinstprosent på 69. For den tradisjonelle tippekupongen var gevinstprosenten 50.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær eller Internett. Talet på kommisjonærar har stort sett vore stabilt i 2003, frå 3 849 (1 jan) til 3 840 (31 des).

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærnettlet (8 776 mill). Våren 2001 starta eit prøveprosjekt med spel via Internett og våren 2002 kom Internettkanalen i ordinær drift. I 2003 spelte nordmenn for 145,1 millionar på NT sine egne spel¹⁷ over Internett (75,9 mill. på Tipping og Oddsens, og 69,2 mill. på talspel. Skrapeloddet Flax blir ikkje selt over Internett).

Extra – eit spel for Stiftelsen Helse og Rehabilitering

Extra er eit talspel som blir drive av Norsk Tipping AS på vegne av Stiftelsen Helse og Rehabilitering. Overskotet blir fordelt av stiftelsen på ulike prosjekt innan helse, rehabilitering og forskning.

I 2003 vart det spelt Extra for 822 millionar kroner. Gevinstprosenten var 50.

Omsetning og gevinst	Mill	Prosent
Brutto omsetning	822,4	100%
Til gevinst	411,2	50%
Netto omsetning	411,2	50%

Som for Norsk Tipping sine egne spel kan ein delta gjennom NT sine kommisjonærar eller Internett. For Extraspelet kom 9,3 millionar av samla innsats via Internett i år 2003.

¹⁷ Extra kjem i tillegg med 9,3 millionar.

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Norsk Tipping

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning for Norsk Tipping 4 140 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill	Prosent
Til formål	2 620,4	63%
Til Norsk Tipping AS	866,0	21%
Til kommisjonær	653,1	16%
Sum = netto omsetning	4 139,5	100%

Reell fordeling frå Norsk Tipping til formål var noko høgare enn vist her (2 700 millionar). Dette fordi selskapet også inntektsfører operatørgodtgjersla frå Extraspelet. I 2003 utgjorde operatørgodtgjersla 79,6 millionar.

Frå Norsk Tipping sine egne spel gjekk 63% til formåla. Tilsvarande andel i 2002 var 65%.

Fordeling til formål

2 700 millionar kroner¹⁸ vart fordelt til formåla idrett, kultur og forskning. 1 200 mill. til idrett, 1 200 mill. til kultur og 300 mill. til forskning.


For forskning vart midlane tilført statsbudsjettet.

For kultur blei 900 mill. tilført statsbudsjettet, medan regjeringa tildelte 300 mill. til spesifikke kulturformål (*Den kulturelle skolesekken* fekk 120 mill, *Kulturbygg, møteplassar og formidlingsarenaer* fekk 90 mill. og *Frifond-ordningen* fekk 90 mill), jf pressemeldingar frå Kultur- og Kyrkjedepartementet 26. mars og 14. mai 2004.

Tabellen under har nøkkeltal henta frå Kultur- og Kyrkjedepartementet si pressemelding 30. april 2004.

Fordeling av tippemidler til idretten		Frå einsskilte underpostar	
Idrettsanlegg	656,2 mill	Idrettsanlegg i kommunane	578,7 mill.
Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité	340,0 mill	Grunnstøtte særforbund	120,0 mill.
Tilskot til lokale lag og foreiningar	120,0 mill		
Spesielle aktivitetar	37,9 mill	Fysisk aktivitet, lokal tilhøring og sosial integrasjon	11,9 mill.
Forsknings- og utviklingsarbeid	23,4 mill	Idrettsforskning	16,0 mill.
Nasjonalanlegg/ Spesielle anlegg	22,6 mill		
Totalt	1200,0 mill		

Det meste av idrettens tippemidler (83%) gjekk til idrettsanlegg og til Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité (hvv. 55% og 28%). Diagrammet under viser prosentvis fordeling.



Norsk Tipping og kommisjonærane

Frå NT sine egne spel fekk kommisjonærar 16% av netto omsetning, i alt 653,1 millionar i provisjon. Legg ein til provisjon frå Extraspelet blir beløpet 714,8 millionar.

I gjennomsnitt var det 3 844 kommisjonærar¹⁹ i 2003. I snitt hadde kvar kommisjonær ei inntekt på 186 000 kroner medrekna Extra.

Andre nøkkeltal for Norsk Tipping	Mill
NT sin del av inntekt frå egne spel og Extra (til NT's drift)	932,9
NT sine samla netto kostnader ²⁰	767,0
Midlar som er haldne tilbake i NT (investeringsfond)	165,9

Ved årets slutt var det halde tilbake 165,9 millionar i investeringsfond. I 2002 vart det halde tilbake 193,1 millionar.

Extra

Netto omsetning (etter gevinstutbetaling) for Extra var 411,2 millionar til fordeling mellom aktørane. Tabellen under viser korleis denne omsetninga er fordelt.

Fordeling av netto omsetning	Mill	Prosent
Til formål (Stiftelsen Helse og Rehabilitering)	203,0	49%
Til Norsk Tipping AS	146,5	36%
Til kommisjonær	61,7	15%
Sum = netto omsetning	411,2	100%

Til Stiftelsen Helse og Rehabilitering gjekk det 203 millionar eller 49% av netto omsetning. Tilsvarande andel i 2001 var 51%.

Ein del av overføringa til NT, var operatørgodtgjersle og ikkje relatert til NT sine kostnader med spelet. I år 2003 utgjorde dette 79,6 millionar, og operatørgodtgjersla inngår deretter i NT si overføring til NT sine formål (idrett, kultur og forskning). Dette utgjorde 19,4% av Extra si netto omsetning.

¹⁹ Snittal frå Norsk Tipping – aktive kommisjonærar

²⁰ Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigert for netto inntekt av finansiellepostar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relatert til Norsk Tipping sine spel.

Fordeling til formål i år 2003


Stiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler midlar frå Extraspelet til ei rekkje organisasjonar. Frivillige/humanitære organisasjonar med helse- og rehabiliteringsrelatert verksemd samt funksjonshemma sine interesseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer.

Stiftelsen Helse og Rehabilitering delte ut i alt 203,8 millionar fordelt på 638 prosjekt.


Fordeling til formål frå Extra	Mill	Prosent
Førebygging	60,1	32,5%
Forsking	65,2	35,2%
Rehabilitering	59,9	32,4%
Sum	185,2	100,0%
10% adm.tilskot til mottakarorganisasjon	18,5	
Totalt	203,8	

Diagramma under viser korleis midlane som stiftelsen delte ut i 2003 fordeler seg på aldersgrupper og helseområde.

Extraspelets midlar fordelt på aldersgrupper år 2003



Extraspelets midlar fordelt på helseområde år 2003



Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 2,4 milliardar kroner i år 2003.



Omsetning og gevinst	Millionar	Prosent
Total brutto omsetning	2 413,9	100%
Totalt til gevinst	1 604,0	66%
Total netto omsetning	809,9	34%

To tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelar som gevinst. Ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett. Einskilde spel kan også spelast via telefon (kontofon) eller mobiltelefon (SMS), men omsetninga her var i 2003 forholdsvis liten (ca 3 millionar) og inngår under i kommisjonæromsetning.

Talet på kommisjonærar har blitt litt redusert gjennom 2003, frå 1 294 (1. jan) til 1 273 (31. des). Gjennom heile året var det 12 trav- og galoppbaner. Det meste av omsetninga, 79%, gjekk gjennom kommisjonærnettet. Omsetninga på løpsbaner utgjorde 12%, medan Internett stod for nær 9%. I 2002 var omsetninga over Internett nær 5%.

Brutto omsetning i salskanalar	Millionar	Prosent
Kommisjonær ²¹	1 916,0	79,4%
Baner	285,1	11,8%
Internett	212,8	8,8%
Total	2 413,9	100,0%

²¹ Inkl. ca 3 millionar i omsetning via kontofon eller SMS.

Norsk Rikstoto

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter at Norsk Rikstoto sine spelarar hadde fått utbetalt sine gevinstar, var det 809,9 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill	Prosent
Til formål	409,5	51%
Avgift til staten	89,3	11%
Til operatør (Rikstoto)	168,2	21%
Til kommisjonær	143,0	18%
Sum = netto omsetning	809,9	100%

Til formåla gjekk det 409,5 millionar kroner eller 51% av netto omsetning. Tilsvarende del i 2002 var 53%.

Fordeling til formål	Mill	
V75 og storløp-premiar		42,2
Transporttilskot		1,8
Norsk Hestesenter		17,3
Det Norske Travelskap		43,9
Norsk Jockeyklubb		15,0
Bidrag avskrivning finans		22,9
Provisjon driftsselskap (banene)		266,4
derav drift løpsbaner ²²	141,7	
derav premiar til hesteeigarar	124,7	
Totalt		409,5

Forklaring til dei ulike formåla

V75 og storløp-premiar er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp og andre storløp.

Norsk Hestesenter på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.


Det Norske Travelskap (DNT) skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT mottek driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Transporttilskot blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

Norsk Jockeyklubb (NJ) skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Bidrag avskrivning finans er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

Provisjon driftsselskap (DS) blir utrekna etter omsetning i regionen til det einskilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den einskilde løpsbane og premiar til hesteeigarar på ordinære løp som banene arrangerer.



Statsavgift

Avgift til staten (89,3 mill) er ei rein fiskalavgift til statskassa utan øyremerking.

Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 143 mill eller 18% av samla netto omsetning. Ikkje heile omsetninga kom frå denne salskanalen. Legg ein til grunn høvesvis del som for brutto omsetning, vil kommisjonærar si inntekt utgjere 22%²³ av netto omsetning.

I snitt var det 1 284 kommisjonærar i 2003, og snittinntekta var 111 000 kroner.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill
RT sine inntekter frå hestespel	159,0
Andre inntekter	30,3
Samla kostnader	181,0
Årsresultat	8,3

Årsresultatet for Norsk Rikstoto er 8,3 millionar kroner for 2003. Til samanlikning var det null i 2002, medan ein hadde eit underskot på 15,5 millionar kroner i 2001.

²³ 143 mill./ (810 mill. x 0,794)

Prøvekonsesjoner på Internett og SMS

I 2002 starta to spel som fullt ut går over nye elektroniske plattformer. Desse er *tivoli.no* og *SMS.jackpot*. Kultur og kyrkjedepartementet har gitt konsesjon til *tivoli.no* og Lotteritilsynet gav konsesjon til *SMS.jackpot*.

I tillegg har Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto konsesjon til å formidle sine spel over Internett.

tivoli.no

Spelet er det einaste i sitt slag i Noreg der ein utelukkande spelar over Internett. Betalingsformidlinga, overføring av innsats og eventuell gevinst går også over Internett.

Spelet er operert av *Norske Spill AS*, eit firma som no er eigd av Norges Røde Kors (1/3), Reitan Servicehandel (1/3) og Norsk Rikstoto (1/3)²⁴.

Organisasjonane som mottok inntekt frå spelet i 2003 var²⁵:

Den Norske Kreftforening, Flyktningerådet, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke, Nasjonalforeningen for folkehelsen, Norges Blindforbund, Norges Handikapforbund, Norges Røde Kors, Norsk Folkehjelp, Redd Barna og Redningsselskapet.

tivoli.no - nøkkeltal år 2003

Brutto omsetning	kr 11 847 455
Gevinst	kr 9 417 038
Netto omsetning	kr 2 430 418
til operatør (drift)	kr 999 418
overskot til formål	kr 1 431 000
Formåla sin del av brutto omsetning	12%
Formåla sin del av netto omsetning	59%
<u>Gevinstprosent</u>	<u>79%</u>

Frå spelet har organisasjonar motteke 1,431million kroner som formålsinntekter, eller 59% av netto omsetning. Prosentsatsen var avtalt mellom eigarane av spelet, og kvar organisasjon får like stor del av inntektene.

I forhold til vår kategorisering av inntekt til ulike typar formål²⁶ vil fem av organisasjonane inngå i gruppa *helseorganisasjonar* og dei andre fem i gruppa *humanitære organisasjonar*.

Dette utgjer:

- kr 715 500 til helseorganisasjonar
- kr 715 500 til humanitære organisasjonar

²⁴ I 2003 var operatøren *Norskspill.no as* eigd av De 10 Humanitære AS (51%) og Cee.tv. as. (49%).

²⁵ Desse utgjorde i 2003 «De 10 Humanitære AS». I 2004 har Redd Barna og Redningsselskapet gått ut av 10 H.

²⁶ sjå vedlegg

Prøvekonsesjonar på Internett og SMS

SMS.jackpot

Spelet er åleine i Noreg om å tilby lotteri over SMS (tekstmelding).

Spelet er operert av Norsk Restaurantcasinodrift AS. Dette spelet har også 10 organisasjonar som overskotsmottakarar.

Organisasjonar med inntekt frå spelet:

Norsk forbund for svaksynte, Norges Svømmeforbund, Care Norge, Norges Håndballforbund, Miljøstiftelsen Bellona, MS Forbundet Norge, Norges Døveforbund, Norges Volleyballforbund, Norges Bordtennisforbund og Amnesty International.

SMS.jackpot - nøkkeltal år 2003

Brutto omsetning	kr	1 107 400
Gevinst	kr	541 417
Netto omsetning	kr	565 984
til operatør (drift)	kr	339 590
overskot til formål	kr	226 394
Formåla sin del av brutto omsetning		20%
Formåla sin del av netto omsetning		40%
Gevinstprosent		49%

Formåla mottok totalt 226 394 kroner og frå vår kategorisering utgjør dette:

- kr 90 558 til idrettsorganisasjonar
- kr 67 918 til helseorganisasjonar
- kr 22 639 til humanitær organisasjon
- kr 45 279 til diverse organisasjonar

Nye plattformer for spel og betalingsformidling

Totalt er det fire aktørar som tilbyr spel over Internett eller SMS. I tillegg til Norske Spill AS (tivoli.no) og Norsk Restaurantcasinodrift AS (SMS.jackpot) gjeld dette Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto.

Ved Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto er det innsats og eventuell gevinst som kan overført via Internett. Her blir det likevel spelt på same spel som om ein går til kommisjonær eller på løpsbaner.

Hos alle operatørane opprettar spelarane ein form for spelekonto. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkonto (t.d. lønskonto) eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto.

Operatørane har ulik praksis på kva premiebeløp som går til spelekonto og kva som går til spelars ordinære bankkonto. Spelar kan likevel alltid velje å overføre frå spelekontoen til eigen bankkonto, eller for SMS.jackpot bruke spelekontoen til kjøp av andre varer/tenester der mobilhandel er tilgjengeleg.

Dette betyr at det i brutto omsetning for alle spela inngår innsats finansiert med tidlegare gevinstar, utan at gevinsten først er utbetalt frå spelekonto.


Spel på nye plattformer - brutto omsetning (millionar)	År 2002	År 2003	Endring frå 2002
Norsk Tipping (inkl. Extra)	65,9	154,4	88,5
Norsk Rikstoto	110,6	212,8	102,2
tivoli.no	36,1	11,8	-24,3
SMS.jackpot	0,3	1,1	0,8
Totalt	212,9	380,2	167,3

I 2003 var brutto omsetning på norske pengespel over Internett og SMS totalt 380 millionar kroner. Dette beløpet er langt større enn kva den einskilde spelar har overført frå eigen bankkonto. På bakgrunn av tal/anslag frå operatørane utgjør innsats med bruk av gevinstpengar totalt sett i overkant av 35% av brutto omsetning, eller om lag 133 av 380 millionar kroner.

Samla sett har spel over dei nye plattformene hatt ein stor vekst. tivoli.no har imidlertid ein stor reduksjon i brutto omsetning. I flg. Norske Spill AS (tivoli.no sin operatør) var 2002 eit lanseringsår der spel med høg gevinstprosent (95%) og bruk av promoteringspengar²⁷ gav høg brutto omsetning. Med dei spel ein har hatt i 2003 har gevinstprosenten vore noko lågare (79%). Dermed er brutto omsetning i 2003 blitt lågare samstundes som netto omsetning vart høgare.

²⁷ Pengar som nye spelarar får, men som ikkje kan takast ut direkte. Ev. gevinst av desse går til spelars spelekonto og kan då entan takast ut eller brukast på nye spel som då inngår i brutto omsetning.

Nye plattformer for spel og betalingsformidling



Merk at dette var omsetninga på dei godkjende norske pengespela. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Opinion AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2003²⁸ har Lotteritilsynet tidlegare presentert estimat for omsetninga over Internett for 2003.

5% av nordmenn over 18 år brukte Internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). Dette utgjorde 156 000 nordmenn over 18 år²⁹.

I flg. estimatet spelte nordmenn for om lag 1,8 milliardar kroner der nær 400 millionar vart satsa på dei lovlege norske nettstadene. Estimatet for utanlandske nettstader utgjorde om lag 1,4 milliardar kroner.

²⁸ Målingane vart gjort i juni, september og desember 2003. 1000 personar over 18 år vart spurde kvar gong

²⁹ Spelarar som oppgav å ha spelt på World Games Incorporated, eller LifeWealth8 var ikkje medrekna.

Automatar

Denne delen omfattar gevinstautomatar og underhaldningsautomatar. Bingoautomatar er ikkje med då dei inngår som sidespel til bingo, og tal for desse blir omtalt annan stad.

Gevinstautomatar

Vi har data frå 147 automatentreprenørar som til saman hadde utplassert 16 578³⁰ gevinstautomatar per 31. desember 2003.

Reduksjonen er på om lag 1 300 automatar frå 2002 då vi rapporterte om 17 889 utplasserte automatar ved utgangen av året.

For 21 av dei mindre entreprenørane har vi ikkje fått tal for omsetning, m.m. Ut frå tilgjengeleg informasjon³¹ reknar Lotteritilsynet med at desse hadde utplassert 225 automatar per 31 desember 2003, noko som utgjør 1,4 prosent av det samla automattalet.

Vi viser til vedlegg for metode for innsamling av data og estimat som er brukt.

Gjennomgangen vidare er basert på konkrete tal og estimat gjort der entreprenørar ikkje har gitt fullstendig informasjon i spørjeskjema.

Gevinstautomatar – estimerte nøkkeltal år 2003

Brutto omsetning (pengar inn) *	22 789 mill
Utbetalt gevinst (pengar ut) *	18 279 mill
Netto omsetning	4 510 mill
til entreprenør	1 929 mill
til lokalinnhavar	891 mill
til formål (lag og organisasjonar)	1 691 mill
Formåla sin del av brutto omsetning	7%
Formåla sin del av netto omsetning	37%
Utbetalt gevinst av brutto omsetning	80%

* *Brutto omsetning og gevinst er estimert for entreprenørar som ikkje har oppgitt desse tala.*

Brutto omsetning er estimert til 22,8 milliardar kroner. Dette er beløp som fysisk er lagt på automatane, verdi av gjenspel er difor ikkje medrekna.

Tilsvarende vart om lag 18,3 milliardar kroner utbetalt i gevinstar. Om ein hadde rekna med gevinst som er brukt på nye spel, ville gevinstprosent vore høgare. Men for kvar 10-kroning som er putta på ein automat, er 8 kroner utbetalt som endeleg gevinst.

Netto omsetning er samla beløp som spelarar har lagt igjen eller tapt. Vel 4,5 milliardar kroner låg igjen til fordeling mellom aktørane i marknaden. Beløpet vart fordelt mellom formåla, entreprenørane og lokalinnhavarane.

Det meste av netto omsetning og inntekt til lag og foreiningar er reelle tal, men i tillegg har Lotteritilsynet lagt til estimerte beløp der vi ikkje har omsetnings- eller inntektstal.

³⁰ Denne delen omfattar gevinstautomatar oppstilt etter forskrift om oppstilling av gevinst – og underhaldningsautomatar. Det inngår også 22 lottoautomatar (31. des 2003) etter forskrift om oppstilling av lotteriautomat.

³¹ Lotteriregisteret og tidlegare rapporterte tal.

Automatar

Talet på automatar og oppstillingsstader

Tal automatar	1. jan 2003	31. des 2003	Endring	Prosent
Gevinstautomatar	17 868	16 556	-1 312	-7%
Lottoautomatar	71	22	-49	-69%
Total	17 939	16 578	-1 361	-8%

Tabellen viser ein samla nedgang på 1 361 automatar. Som i 2002 var det ein forholdsvis stor reduksjon i talet på lottoautomatar. Talet på reelt utplasserte automatar er noko lågare enn det som kjem fram i lotteriregisteret som viser oppstillingsløyve.³²

Samla automattal for entreprenørar	1. jan 2003	31. des 2003	Endring	Prosent
> 500 automatar kvar 1. januar	12 728	10 282	-2 446	-19%
< 500 automatar kvar 1. januar	5 211	6 296	1 085	21%
Totalt	17 939	16 578	-1 361	-8%

1. januar 2003 var det tre entreprenørar³³ med meir enn 500 automatar kvar. Desse har samla redusert sin automatpark med 2 446 automatar (19%). Dei andre entreprenørane har totalt hatt ein vekst på 1 085 automatar (21%).

Frå innkomne data kan vi anslå fordeling av gevinstautomatar på ulike oppstillingsstader³⁴:

Automatar per oppstillingsstad

31. desember 2003	Tal	Prosent	
Daglegvareforretningar	3 200	19%	36%
Varehus/kjøpesenter	2 700	16%	
Kiosk	4 400	27%	39%
Bensinstasjonar	2 100	13%	
Servering/overnatting	2 200	13%	25%
Andre	2 000	12%	
Totalt	16 600	100%	100%

I overkant av ein tredjedel av automatane var plasserte i daglegvareforretningar eller varehus/kjøpesenter. Ein litt større del stod i kioskar og på bensinstasjonar. Dei resterande finn vi andre stader og ofte på serverings- eller overnattingsstader.

I «andre stader» inngår ferjer, bingolokale, spelehallar, bowlinghallar osv.

Om lag 550 automatar stod i bingolokale.

Samanlikna med berekninga for 2002 ser vi einskilde endringar. Reduksjonen i talet på automatar er størst i daglegvareforretningar, kioskar og stader med servering/overnatting. Det er ingen type oppstillingsstad som har auke i automattalet.

Oppstillingsstad	2002	2003	Endring
Daglegvareforretningar	3 500	3 200	- 300
Varehus/kjøpesenter	2 800	2 700	- 100
Kioskar	4 800	4 400	- 400
Bensinstasjonar	2 200	2 100	- 100
Servering/overnatting	2 600	2 200	- 400
Andre stader	2 000	2 000	
Totalt	17 900	16 600	- 1 300

³² Stadfesta av dei større entreprenørane.

³³ Desse er Norsk Lotteridrift (NLD), Røde Kors og Redningsselskapet. 31. des. hadde også Spill og Tjenester AS over 500 automatar.

³⁴ Entreprenørane har rapportert kor stor andel av automatane (per 31.12) som stod på ulike oppstillingsstader. For 535 automatar er dette ikkje spesifisert, men vi har lagt til grunn prosentvis fordeling frå dei andre.

Netto omsetning og fordeling på aktørane i automatmarknaden

Opptalt og estimert beløp for netto omsetning i følgje teljeverk er 4 510 millionar kroner. Beløpet er ikkje identisk med det som fysisk er opptalt ved tømning. Differansen (avvik) kan skuldast mellom anna tjuveri, manipulering, feil i system eller rutinar for avlesing.

Avvik er totalt rapportert og estimert til 48 millionar som teljeverk har registrert, men som ikkje er talt opp ved tømning. Dette beløpet inngår under i entreprenørs del av omsetninga.

Fordeling av netto omsetning	Mill	Prosent
Til formål (lag og organisasjonar)	1 691	37,5%
Til lokalinnhavar	891	19,8%
Til entreprenør	1 929	42,8%
Sum = netto omsetning	4 510	100,0%

Fordeling til formål

Totalt er 1 691 mill. fordelt til ulike formål. Av netto omsetning utgjorde dette 37,5%.

Andel til formåla var 36,1% i 2002. Lotteritilsynet berekna formålsinntektene til 1 224 mill. i 2002 og 917 mill. i 2001.

Vi viser under korleis dette beløpet for 2003 er fordelt på ulike kategoriar av lag og organisasjonar. Fordelinga viser vi på to måtar:


- 1) Slik fordelinga er registrert før berekning av uspesifiserte og estimerte inntekter. Dvs. slik entreprenørar oppgir fordelinga, og vårt estimat for inntekt der vi manglar tal for omsetning og formålsinntekter (her 23 mill).
- 2) Det som entreprenørar oppgir, og i tillegg vår estimerte fordeling av uspesifiserte og estimerte inntekter:

Fordeling av automatinntekter beløp	1) Registrert fordeling inkl. estimert inntekt (23 mill)		2) Fordeling inkl. fordeling av uspesifisert og estimert inntekt		
	Millionar	Prosent	Millionar	Prosent	Del av som er estimert ³⁵
Idrett	509	30%	558	33%	9%
Helse	246	15%	267	16%	8%
Musikk/kultur/fritid	68	4%	74	4%	9%
Humanitær	745	44%	757	45%	2%
Diverse	32	2%	35	2%	9%
Uspesifisert og estimert ³⁶	91	5%			
Totalt	1 691	100%	1 691	100%	5%

Oversikten er basert på spesifisering frå entreprenørane og vårt estimat frå datagrunnlaget.

³⁵ Vi har estimert fordeling på kategoriar for den del av formålsmidlar som ikkje er spesifisert frå entreprenørar (68 mill) og estimat av 225 automatar (23 mill), totalt 91 mill. eller 5% av 1 691 mill. Utgangspunktet er kjend prosentvis fordeling i datamaterialet etter at vi har utelete det entreprenørar med eige formål har fordelt til seg sjølv eller der entreprenør i stor grad spelar for ein organisasjon (dette gjeld Røde Kors, Redningselskapet, NHF, Norges Blindforbund og Spill og Tjenester AS). Denne fordelinga er så lagt til grunn for beløp der entreprenørar ikkje har spesifisert og der vi har estimert omsetning.

³⁶ Beløpet inneheld 68 mill. uspesifisert frå entreprenørar og 23 mill. fullt ut estimert for manglande omsetnings- og inntektstal.



Humanitære organisasjonar fekk mest frå automatane, estimert til 757 millionar. Dei to største organisasjonane her er Røde Kors og Redningsselskapet. Estimert for 2002 var 518 millionar.

Idretten fekk også ein stor del. Entreprenørar har oppgitt at dei gav 509 millionar kroner til ulike idrettsorganisasjonar. Saman med vårt estimat for fordeling av uspesifiserte inntekter blir beløpet til idretten 558 millionar. Inntekt i 2002 var berekna til 416 millionar.

For helseorganisasjonar har vi estimert ei samla inntekt på 267 millionar kroner. Her inngår m.a. Norges Handikapforbund og Den Norske Kreftforening. Viser elles til vedlegg for kategorisering av formål. Inntekta var i 2002 berekna til 206 millionar.

For organisasjonar innan musikk, kultur og fritid har vi estimert 74 millionar, ein auke frå 42 millionar i 2002.

For gruppa *diverse* som omfattar lag og foreiningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, er estimert 35 millionar kroner. Her finn vi mellom anna miljøvernorganisasjonar, dyrevern og politiske parti, men også foreiningar som entreprenørar har hatt problem å plassere i dei andre kategoriane. Dette er einaste gruppe som har hatt ein reduksjon sidan 2002 då inntekta var estimert til 43 millionar.

Entreprenør og lokalinnehavar

Entreprenørar sin del av automatinntektene var 1 929 millionar kroner. Dette utgjorde nær 43%. Alle kostnader som entreprenør elles måtte ha blir dekt av dette beløpet, mellom anna eventuelle agentavtalar og avvik.

Lokalinnehavarar disponerer lokale der automatane står. Deira inntekt var 891 millionar. Dette utgjør nær 20% av netto omsetning, noko som samsvarar med maksimumsandelen i forskrift.

Automatar

Gjennomsnittleg nettoomsetning per automat i 2003

Netto omsetning per automat i gjennomsnitt:	Kroner (avrunda)
Totalt for alle entreprenørar	261 000
Totalt for entreprenørar med eige formål (Røde Kors, Redningsselskapet, NHF og Norges Blindforbund)	223 000
Totalt for private entreprenørar	287 000

Entreprenørar med eige formål hadde jamt over mindre omsetning per automat enn dei private. Om vi legg til grunn prosentvis del etter forskrift kunne dei private entreprenørane fordele større beløp per automat til seg sjølve, til formåla og til lokalinnhavarar.

Underhaldningsautomatar

Desse automatane har ikkje pengepremiar, og det er ikkje krav om at delar av inntektene skal gå til lotteriverdige formål. Difor går inntektene i utgangspunktet uavkorta til entreprenør og lokalinnhavar.

Tal på underhaldningsautomatar

27 autoriserte entreprenørar hadde totalt 801 automatar per 31. desember 2003. For 2002 rapporterte 27 entreprenørar 1 147 automatar. Dermed ser vi her ein reduksjon på om lag 350 automatar blant dei autoriserte entreprenørane.

Ikkje alle desse automatane treng oppstillingsløyve frå politiet (t.d. biljardbord og dartspele), men av praktiske årsaker inngår dei likevel i entreprenørane sine rekneskap.

I lotteriregisteret er det fleire underhaldningsautomatar som har oppstillingsløyve utan at dei er eigd av autorisert entreprenør (det er ikkje autorisasjonskrav for å drive desse automatane). Ved utgangen av 2003 var det i alt 237 slike oppstillingsløyve der eigar ikkje var autorisert, og som dermed kom i tillegg til dei 801 automatane som er nemnt ovanfor.

Talet på underhaldningsautomatar var dermed om lag 1 000 ved utgangen av 2003.

Omsetning i 2003

Registrert og estimert omsetning er totalt 34 millionar kroner.

Tabellen under viser fordeling på aktørar:

Fordeling av omsetning	Mill	Prosent
Til entreprenør (ekskl. mva)	15	45%
Til lokalinnhavar (ekskl. mva)	12	35%
Mva	7	20%
Sum = omsetning	34	100%

Underhaldningsautomatane er kort presentert her, og i samleoppstilling berre nemnd i fotnote.

Bingo

Bingo deler vi i to typar:

Bingo med entreprenør der entreprenør står for drifta medan lag og foreningar mottek overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreningar sjølve står for bingodrift.

Vi har berre reelle tal frå entreprenørbingo³⁷. For bingo utan entreprenør har vi utarbeidd estimat på grunnlag av tal på løyve gitt av politiet og eit utval rekneskap frå 2002 og 2003.

Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i egne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten under er basert på tal for 78 entreprenørar som til saman dreiv 125 bingolokaler per 31. desember 2003.

Bingo med entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2003

Brutto omsetning *	
sidespel er inkludert	1 609 mill
Gevinst *	1 197 mill
Netto omsetning	411 mill
administrativ kostnad	356 mill
overskot til formåla	55 mill
Formåla sin del av brutto omsetning	3%
Formåla sin del av netto omsetning	13%
Gevinstprosent	74%

*) *Brutto omsetning og gevinst er estimert for entreprenørar som ikkje har oppgitt dette for elektroniske sidespel.*

Entreprenørbingo omsette for i overkant av 1,6 milliard kroner i år 2003. Til lag og organisasjonar vart det overført 55,4 millionar kroner eller 3% av brutto omsetning. Gevinstdel er 74% og formåla sin del av netto omsetning er 13%.

I 2002 utgjorde formåla sin del 67 millionar eller 17% av netto omsetning.

Sidespel

Sidespel er inndelt i elektroniske sidespel og papirsidespel. Med elektroniske sidespel meiner vi bingoautomatar og databingo som er dataspel med felles trekning utanfor hovudspelet. Papirsidespel er til dømes «21» og «Mølle».

Bingoentreprenørar med sidespel i 2003	Tal	Prosent	Tal i 2002
Bingoautomatar	50	64%	49
Databingo	25	32%	19
Papirsidespel	26	33%	25
Ingen sidespel	9	12%	13
Tal entreprenørar totalt	78		76

³⁷ Det meste av talmaterialet er innhenta hos entreprenørar, men ein skilde tal/nøkkelopplysningar har vi fått frå politiet, t.d. ved opphøyr, osv. For 3 mindre entreprenørar er omsetninga heilt eller delvis estimert, men då på grunnlag av tidlegare rekneskap og samtaler.

Bingo

Elektroniske sidespel er meir utbreidd enn papirsidespel, og flest oppgir at dei har bingoautomatar, 50 entreprenørar i 2003. Dette er om lag uendra frå 2002 då 49 rapporterte dette sidespelet. Også for papirsidespel er talet på entreprenørar stabilt, men for databingo ser vi noko fleire entreprenørar, og litt færre oppgir at dei ikkje har sidespel. Einskilde har fleire typar sidespel. Merk at dette er tal for entreprenørar og ikkje for bingohallar.

Det er 9 entreprenørar som ikkje har sidespel, men i staden for/i tillegg til, kan entreprenørane også ha oppstilt ordinære gevinstautomatar³⁸. 64 bingoentreprenørar har slike automatar. Overskotet frå desse automatane går ofte til dei foreiningane som bingoane spelar for, men det er også bingoar som berre mottek den del av netto omsetning som går til lokalinnehavar.

Nøkkeltal for hovud- og sidespel 2003

Tal i millionar	Brutto omsetning	Gevinst	Gevinst prosent	Netto omsetning	Til formål
Hovudspel	974	720	74%	254	
Sidespel:					
- bingoautomatar	490 *	385 *	79%	105	
- databingo	134 *	86 *	64%	48	
- papirsidespel	10	6	58%	4	
Totalt	1 609	1 197	74%	411	55

*) *Delvis estimat*

Hovudspelet stod for det meste av omsetninga, men elektroniske sidespel hadde også ein stor del. Bingoautomatar har auka noko i omfang gjennom 2003. Per 31. desember 2003 var det oppgitt 617 automatar, medan tilsvarande tal i 2002 var 583.

Ein god del av omsetninga går tilbake til spelar som gevinst. Papirsidespel har lågaste andel med 58%. Elles ligg gevinstprosenten mellom 64% og 79%. Høgast gevinstprosent har bingoautomatar, og som for gevinstautomatar gjeld dette gevinst som er utbetalt.

Som tabellen viser fekk dei spelande lag og foreiningar totalt 55 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo. Sidan ikkje alle entreprenørane spesifiserer inntekt til formål frå dei forskjellige spela, men berre kva dei totalt overførte, viser vi ovanfor berre inntekt til formåla frå bingo spel samla.

Omsetning og fordeling til formåla

Formålas samla andel frå hovud- og sidespel ³⁹, der dette er spesifisert:

	Av brutto omsetning	Av netto omsetning	Talet på entreprenørar
Hovudspel	2%	8%	62 av 78
Sidespel – totalt	6%	29%	53 av 69
derav bingoautomatar	5%	30%	39 av 50
derav databingo	6%	22%	18 av 25
derav papirsidespel	15%	40%	18 av 26
Totalt for desse og alle spel	3%	14%	62 av 78
Totalt for alle entreprenørar og alle spel	3%	13%	78

Tabellen viser at det prosentvis går meir til formåla frå sidespel enn frå hovudspel.

³⁸ Gevinstautomatar med løyve etter forskrift om oppstilling av gevinst og underhaldningsautomat.

³⁹ Tabellen viser samla prosentvis fordeling til formåla frå dei som har spesifisert beløp. I tabellen inngår 71% av netto omsetning (294 mill) og 76% av formåla sitt beløp (42 mill). Dette gir ein peikepinn på korleis ulike spel bidreg til formåla sine inntekter.

Bingo

For å synleggjere i kronebeløp dei ulike spel sitt bidrag til formåla si samla inntekt har vi berekna korleis spesifiseringa kunne vore dersom alle entreprenørane hadde spesifisert formålsinntekter frå samtlege spel. Dette er gjort ved å sjå samla omsetning i dei forskjellige spela i samanheng med den prosentvise fordelinga framfor.

Spela sitt bidrag til formålas inntekter	Estimert beløp Mill
Hovudspel	17 – 21
Sidespel – totalt	34 – 38
derav bingoautomatar	27 – 31
derav databingo	7 – 11
derav papirsidespel	1 – 2
Totalt og reelt beløp	55


Med denne berekninga kom det meste av formåla sine inntekter frå sidespela, samstundes som omsetninga var størst i hovudspelet.

Av den totale netto omsetning på 411 millionar kroner gjekk 55 millionar til formåla. Under viser vi korleis dette fordelar seg på ulike kategoriar av lag.

Bingoentreprenørane har samla spelt for 2 774 lag og foreningar i år 2003. Dette er ein nedgang frå 2002 då talet var 2 923.

Fordeling av bingoinntekter

Formål	Mill	Prosent
Idrett	29	52%
Helse	5	9%
Musikk/kultur/fritid	9	16%
Humanitær	8	15%
Diverse	4	7%
Uspesifisert	0,2	0,4%
Totalt	55	100%



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 29 mill. Blant andre kategoriar er det foreningar innan musikk, kultur og fritid samt humanitære som hadde størst inntekt, høvesvis 9 og 8 millionar.⁴⁰

⁴⁰ Sidan det berre er 0,2 millionar som ikkje er spesifisert frå entreprenørar estimerer vi ikkje fordeling av desse.

Bingo

Gevinstautomatar⁴¹ i bingolokale

I tillegg til bingoautomatane (elektroniske sidespel) var det i 2003 utplassert om lag 550 ordinære gevinstautomatar i bingolokala.

Totalt har 35 automatentreprenørar rapportert at dei har gevinstautomatar i bingolokale. 64 bingoentreprenørar oppgir at dei har gevinstautomatar i lokala sine.

På grunnlag av data frå automatentreprenørane har vi rekna ut nettoomsætninga til 147 millionar kroner for dei automatane som stod i bingolokaler. Vi legg til grunn at formåla her har same prosentvise inntekt som automatentreprenørane oppgir for verksemdene sine⁴², og lag og foreiningar vil då ha hatt ei inntekt på om lag 53 millionar frå desse automatane (36%). Dette kom eventuelt i tillegg til inntekt frå hovud- og sidespel i bingoen.

Det er varierende praksis i høve til om desse inntektene går til dei same foreiningane som bingoen spelar for, t.d. i same spel i pott. Dette spurde vi automatentreprenørane om, og under viser vi svarfordelinga saman med berekna formålsinntekter.

Om inntektene går til same foreiningar som bingoen spelar for:

	Tal automat- entreprenørar	Estimert inntekt til formåla	Prosent av inntekt
<i>Alltid</i>	14	13 mill	24%
<i>Som regel</i>	5	19 mill	36%
<i>Av og til</i>	4	8 mill	15%
<i>Sjeldan</i>	1	2 mill	4%
<i>Aldri</i>	4	4 mill	7%
<i>Ikkje svart</i>	7	7 mill	13%
Totalt	35	53 mill	100%

Tabellen illustrerer at desse inntektene ofte gjekk til dei same foreiningane som elles fekk inntekt frå bingospela, men ikkje alltid. T.d. er det på ein skilde stader praksis at foreiningar som bingoen spelar for ikkje kan ha desse inntektene, eller at berre ein eller eit fåtal av foreiningane også har automatinntekter. Det er også sju entreprenørar som ikkje har svart på dette spørsmålet.

⁴¹ Einskilde er lottoautomatar.

⁴² Utgangspunkt er kvar ein skild entreprenørs prosentvise fordeling til formål og at denne også er brukt for automatar i bingolokaler.

Bingo

Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som foreinings- eller bygdebingoar. I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er estimert på grunnlag av løyve gitt av politiet, Lotteriregisteret og eit utval rekneskap / -tal frå 2002 og 2003 (sjå vedlegg for berekningsmåte).

Om lag 1 050 lag og foreiningar inngår i oppstillinga under. 99 av desse er radiobingo og to er TV-bingo.

Bingo utan entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2003

Estimert brutto omsetning	310 mill
Gevinst	190 mill
Netto omsetning	120 mill
administrativ kostnad	40 mill
overskot til formåla	80 mill
Formåla sin del av brutto omsetning	26%
Formåla sin del av netto omsetning	67%
Gevinstprosent	61%

Vårt estimat for bingo utan entreprenør utgjør 310 mill. i brutto omsetning, med eit overskot på 80 mill.

Samla bingoomsetning for lokalradio og lokalfjernsyn estimerer vi til om lag 100 mill. Det aller meste av dette er radiobingo. Etter vårt estimat vil deira del av brutto omsetning utgjere nær ein tredjepart, medan det for 2002 utgjorde ein fjerdepart.

Vi har ikkje anslag for korleis overskotet av bingoen fordeler seg på ulike kategoriar av formål, men for radio- og TV-bingo reknar vi med eit samla overskot på rundt 40 millionar kroner til formåla.

Andre lotteri

Forutan automatspel og bingo har vi for 2003 registrert eller fått innrapportert mellom 3 100 og 3 200 ulike lotteri.

Dei fleste lotteri er lokale og små, medan det er landsdekkande lotteri som har det meste av omsetninga. Det meste av denne delen omfattar landslotteri, men vi har og gjort eit estimat for dei lokal lotteria.

Landslotteri

Landslotteri blir selde i fire eller fleire politidistrikt. Dei fleste er landsdekkjande, men ein del har også meir avgrensa omfang. For 2003 har vi fått innrapportert 60 slike lotteri (det var 56 i 2002).

I 2003 hadde Oslo politidistrikt 37 landslotteri. Elles hadde Hordaland fem og Asker og Bærum tre. Agder, Sør-Trøndelag, Vestfold og Vest-Oppland hadde to kvar. Distrikta Østfold, Hedmark, Rogaland, Romerike, Nordmøre og Romsdal, Salten og Follo hadde eitt kvar.

Landslotteri - nøkkeltal år 2003

Loddsal	525 mill
Eventuell anna inntekt ⁴³	6 mill
Samla inntekt	531 mill
<hr/>	
Gevinstkostnad	90 mill
Netto omsetning	441 mill
administrative kostnader	306 mill
overskot til formåla	135 mill
Formåla sin del av brutto omsetning	25%
Formåla sin del av netto omsetning	31%
<hr/>	
Gevinstkostnad av brutto omsetning	17%

Landslotteria omsette for 525 millionar kroner. I tillegg kom andre inntekter med 6 millionar. Samla inntekter kom difor opp i 531 millionar.

Frå 2002 har landslotteria hatt ein auke i samla loddsal frå 447 millionar til 525 millionar. Dette skuldast hovudsakleg at ein organisasjon (LHL) får medrekna omsetninga frå to lotteri-løyve der begge løyva har hatt det meste av salsperioden i 2003.⁴⁴

Samla gevinstkostnad var 90 millionar. Dette er lotteria sine kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar fråtrekte.

Administrative kostnader utgjorde 306 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 135 millionar. Dette utgjorde 25% av brutto – og 31% av netto omsetning. I 2002 var overskotet 32% av netto omsetning.

Av landslotteria var 47 førehandstrekte/skrapelodd, medan 13 var etterhandstrekte.

⁴³ Andre inntekter ein kan ha med lotteri, mellom anna netto finansinntekter, inntektsføring av gebyr, sal av gevinstar og gåver.

⁴⁴ Ikkje alle landslotteri blir selt innanfor eit kalenderår. Lotteritilsynets praksis er å telje dei med i det året der dei har det meste av salstida. LHL har vore medrekna både i 2002 og 2001 med andre lotteri.

Andre lotteri

Landslotteri	Førehandstrekte	Etterhandstrekte	Totalt
Tal	47	13	60
Loddometning (mill)	516,6	8,4	525,0
Andre inntekter (mill)	5,8	0,0	5,8
Samla inntekt (mill)	522,4	8,4	530,8
Prosent av samla omsetning	98%	2%	100%
Overskot (mill)	131,6	3,7	135,3

Målt i omsetning utgjorde etterhandstrekte lotteri berre 2%.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM), medlemssal og gjennom kommisjonærnett (t.d. kioskar). Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

I tillegg til desse lotteria kan ein også kjøpe Norsk Tipping sine skrapelodd (Flax) frå NT's kommisjonærar. Flax si omsetning inngår i presentasjonen av Norsk Tipping, men blir også her omtalt avslutningsvis.

Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori ⁴⁵	Brutto oms. (mill)	Overskot (mill)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	51,6	26,5	10%	20%	51%
Helse	314,8	61,8	59%	46%	20%
Musikk, kultur og fritid	9,9	5,5	2%	4%	56%
Humanitær	105,7	28,2	20%	21%	27%
Diverse	48,9	13,2	9%	10%	27%
Totalt	530,8	135,3	100%	100%	25%

Helseorganisasjonar hadde størst omsetning (59% av heile marknaden). Dei hadde likevel mindre del av samla overskot (46%). Kolonnen lengst til høgre syner prosentvis del til formål av brutto omsetning, og samla sett var den lågast for helseorganisasjonane (20%).

For kvart lodd som vart selt var det organisasjonane innan Musikk/kultur og fritid samt Idrett som fekk mest i overskot (56% og 51%).

Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill)	Adm.kostn. (mill)	Overskot (mill)	Adm.kostn. av netto omsetning	Overskot av netto oms.
Idrett	46,4	19,9	26,5	43%	57%
Helse	250,8	188,8	61,8	75%	25%
Musikk, kultur og fritid	8,8	3,2	5,5	37%	63%
Humanitær	92,9	64,7	28,2	70%	30%
Diverse	42,3	29,2	13,2	69%	31%
Totalt	441,2	305,9	135,3	69%	31%

Administrative kostnader utgjorde 306 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal, etc.

For einkilde lotteri kan også provisjon til lokale lag av organisasjonen inngå i kostnadene utan at dette kjem fram som overskot til formåla. I 13 rekneskap har vi sett slike kostnadspostar som totalt utgjorde 23 millionar.

Einskilde typar organisasjonar har prosentvis mindre andel kostnad av netto omsetning. Dette heng saman med korleis lodd vert selde. Både innan idrett og andre fritidsaktivitetar skjer loddosal ved at medlemmer sjølv sel lodd. Prosentvis er overskotet størst her.

⁴⁵ Liste over organisasjonane i vedlegg.

Andre lotteri

Førehandstrekte landslotteri og Norsk Tipping sine Flaxlodd


Dei fleste landslotteri er skrapelodd og landsdekkjande. Det er difor naturleg å sjå desse saman med Flaxloddet til Norsk Tipping.

Alle landslotteri omsette samla for mindre enn Flax, som i 2003 omsette for 896 millionar kroner. 47 førehandstrekte landslotteri omsette totalt for 517⁴⁶ millionar.

Organisasjonar med loddsal over 20 millionar:

• Landsforeningen for hjerte- og lungesyke	73 mill
• Landsforeningen for hjerte- og lungesyke ⁴⁷	69 mill
• Redningsselskapet	63 mill
• Norges Astma og Allergiforbund	31 mill
• Norges Håndballforbund	27 mill
• Norsk Folkehjelp	25 mill
• Den norske Sjømannsmisjonen	24 mill
• Norsk Revmatikerforbund	22 mill
• Landsforbundet Mot Stoffmisbruk	21 mill
• Norges Fotballforbund	20 mill

Marknadsdelar - førehandstrekte landsdekkjande lotteri, loddsal i år 2003



Denne delen av lotterimarknaden utgjorde i 2003 1,4 milliard kroner. Dette er ein auke frå 2002 då omsetninga var 1,2 mrd.

Samanlikna med 2002 har Flax ein svakt redusert marknadsdel frå 65% til 63%. Av landslotterier er det størst endring for helseorganisasjonane som har fått auka sin del frå 20% til 22%.

⁴⁶ Eksklusiv 6 mill. i andre inntekter enn sjølve loddsalet.

⁴⁷ Jubileumsomgang (1. juli 2003 – 30. juni 2004 (utselt i april)) Foreløpig kalkyle inntekt loddsal.

Andre lotteri

Lokale/regionale lotteri

Til saman har politiet motteke meldingar eller gitt løyve til om lag 3 100 lokale og regionale lotteri i år 2003.

Om lag 2 950 er såkalla meldingslotteri og i tillegg har om lag nærare 150 lotteri fått løyve.⁴⁸

Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat.

Berekning for lokale/regionale lotteri

Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal år 2003

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	100 mill
<hr/>	
Gevinstkostnad	20 mill
Netto omsetning	80 mill
administrativ kostnad	10 mill
overskot til formåla	70 mill
Formåla sin del av brutto omsetning	70%
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	88%
<hr/>	
Gevinstkostnad av brutto omsetning	20%

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

Overskotet frå lotteriar har vi ikkje fordelt på kategoriar av formål, men alle typar lag og foreningar sel slike lotteri.

⁴⁸ Lotteri med omsetning under 100 000 treng ikkje løyve, men melder frå til politiet.
Lotteri med omsetning 100 000 eller meir treng løyve frå politiet.

English summary

In 2003, the turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 37.5 billion. Of this gross turnover, players collected NOK 26.6 billion in prize money.


This left an expenditure of NOK 10.9 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

Key figures on the gaming market in Norway

Year 2003	Million			
	NOK	EUR ⁴⁹		
Gross turnover (total wagered) ⁵⁰	37,509	4,686		
Prizes	26,582	3,321		
Net turnover (expenditure/loss)	10,926	1,365		
Year 2003	Amount wagered		Expenditure	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita ⁵¹	8,217	1,027	2,394	299
Per capita, 15 years and older	10,264	1,282	2,990	374
Per household ⁵²	18,899	2,361	5,505	688
Percentage of disposable income ⁵³	4.93%		1.44%	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 8,217 in 2003.

After deduction of prizes, each citizen spent NOK 2,394. This amounts to 1.44% of the disposable income per household.



⁴⁹ Average rate of exchange 2003 as determined by Norges Bank: 8.0039.

⁵⁰ For gaming machines, turnover comprises amounts wagered, i.e. amounts re-invested are not included.

⁵¹ Average population as determined by Statistics Norway, Nordic Regional Statistic.

⁵² The average number of persons per household is 2.3. (Figures from Statistics Norway – Private households and number of persons per private household 2001).


⁵³ Statistical year book "Households. Income, expenses and saving" (SSB): Disposable income NOK 761,367 million.

English summary

Norwegians spent the largest amount on gaming machines, i.e. approximately 22.8 billion NOK.^{54 55} In addition, 8.9 billion NOK was spent on games provided by Norsk Tipping, and 0.8 billion on Extralotteriet, also operated by Norsk Tipping. Norwegians spent 2.4 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

In addition to gaming machines, bingo, lotteries, internet game (1) and SMS-lottery (1) make up the private sector of the market. Bingo had a turnover of some 1.9 billion NOK, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at 1.6 billion. Also included here are side games (electronic⁵⁶ and paper). Non-entrepreneur bingo is estimated at approximately 0.3 billion NOK.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at 0.5 billion⁵⁷. For the other lotteries we stipulate a turnover of approximately NOK 0.1 billion.



⁵⁴ Amount excluding re-investments, i.e. the value of prizes spent on further games rather than being cashed.

⁵⁵ In addition, a turnover of 34 mill. from entertainment machines.

⁵⁶ Bingo machines and online bingo.

⁵⁷ The turnover of 531 mill. includes NOK 6 mill. in revenues other than sales of lottery tickets.

Vedlegg

Om datainnsamlinga

Datamaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal innhenta frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping og Extra⁵⁸ er hovudsakleg innhenta frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kyrkje- og kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Extra er oppgitt av Stiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Automat- og bingoentreprenørar har fått tilsendt spørjeskjema som dei har fylt ut og returnert til Lotteritilsynet. For dei som ikkje har svart (automatentreprenørar) har vi gjort estimat på grunnlag av tilgjengelege data.

Vi har talmateriale frå alle bingoentreprenørar, og det meste er henta frå entreprenørane sjølve. Av ulike grunnar er delar av talmaterialet for tre mindre entreprenørar estimert frå opplysningar gitt av entreprenør, politi eller einskilde rekneskap.

For landslotteri byggjer datamaterialet på rekneskap innhenta frå politiet eller organisasjonane sjølve. I einskilde tilfelle har det vore naudsynt å kontakte organisasjonane eller tenesteleverandør for nærare avklaring eller presisering.

For mindre/regionale lotteri og for bingo utan entreprenør er omsetningstala vi presenterer utelukkande estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er eit utval rekneskap for 2002 innsendt av politiet og ein del rekneskapsopplysningar for 2003. Dette har vi sett i høve til kor mange lotteri og bingoar som er rapportert / registrert i året 2003.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

Gevinstautomatar

Berekening av omsetning

rapportert netto omsetning i flg. teljeverk	4 132 mill
+ estimat der teljeverkdata manglar (rapportert fysisk optalt + tillegg for avvik (0,989%))	316 mill
+ estimat for 225 automatar (214 (snittal) x 290 451 ⁵⁹)	62 mill
= estimert netto omsetning i flg. telleverk	4 510 mill
+ utbetalt gevinst (80,207% av brutto omsetning ⁶⁰)	18 279 mill
= estimert brutto omsetning	22 789 mill

Berekening av omsetning per automat (netto omsetning)

Samla netto omsetning i dei ulike gruppene delt på gjennomsnittstal på utplasserte automatar ((1. januar + 31. desember)/2).

Fordeling av inntekt til formål på kategoriar

Utgangspunktet er kjend prosentvis fordeling i datamaterialet etter «korrigerings» for det dei entreprenørane med eige formål har fordelt til eigen organisasjon.

Denne prosentvise fordelinga er så lagt til grunn for beløp som entreprenørar ikkje har spesifisert og for estimert inntekt frå manglande automatar (225).

⁵⁸ Talspelet Extra er operert av Norsk Tipping på vegner av stiftinga Helse og Rehabilitering.

⁵⁹ Snittet for automatane til entreprenørar med mindre enn 500 automatar kvar.

⁶⁰ Reell total prosent for entreprenørar som har oppgitt tal frå telleverk (kroner inn og kroner ut).

Vedlegg

Feilmarginar

Prosent utbetalt gevinst (80,207%)

For 18,3 mrd. eller 80% av omsetning har vi rapporterte tal for brutto omsetning. Estimaten er gjort for det resterande på grunnlag av oppgitt netto omsetning.

Gevinstprosent redusert med 2% gir 415 mill. mindre brutto omsetning og gevinstupbetaling. Auka med 2% gir 508 mill. større brutto omsetning og gevinstupbetaling.

Endring i gevinstprosent endrar ikkje netto omsetning og formåla sin del.

Avvik (1,065%)

For dei som ikkje har rapportert teljeverksomsetning vil ein auke på 0,5% i avvik auke netto omsetning med 4,9 mill.

Kategorisering av formål

Entreprenørar er bedt om å fordele inntekt til formåla på fem kategoriar. Ordlyd frå rettleinga til spørjeskjemaet er vist her.

Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger-og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m..

Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

Diverse organisasjonar

«Særorganisasjonar» eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn som ikkje let seg klassifisere.

Bingoentreprenørar har fordelt pottspel på kategoriane.

Underhaldningsautomatar

Av omsetningstalet på 34 millionar er 5% estimert for manglande rapportering. Estimat er då gjort på grunnlag av tal i lotteriregisteret, tidlegare data og snittomsetning i innkomne data.

Der vi manglar data om mva. eller andel til lokalinnhavar, har vi lagt til grunn samla prosentvis del der vi har data. Denne er så lagt til grunn der vi har estimert omsetning eller i einskilde tilfelle der entreprenør har svart mangelfullt.

Bereking for bingo med entreprenør

Bingoautomatar: 18 entreprenørar har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst. Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei andre 32: 78,58%.

Databingo: 4 entreprenørar har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst. Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei andre 21: 64,33%.

Elles er omsetninga berekna for 3 mindre entreprenørar. Estimat er gjort på grunnlag av einskilde bingorekneskap og opplysningar frå politi og entreprenør.

Bereking for bingo utan entreprenør

På grunnlag av berekingar gjort for 2002-rekneskapa, einskilde rekneskap for 2003 (radiobingo) og rapporteringar i Lotteriregisteret for 2003 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Radio/TV	Andre lag og foreiningar		
Brutto omsetning i snitt	1 000 000 ⁶¹	220 000 ⁶²		
Samla gevinstprosent	47%	67%		
Overskot av brutto omsetning	40%	20%		
Tal løyve rapportert / frå Lotteriregisteret	101	950		
			Totalt	Avrunda
Estimert brutto omsetning	101 mill	209 mill	310 mill	310 mill
Estimert gevinst	48 mill	140 mill	188 mill	190 mill
Estimert netto omsetning	53 mill	69 mill	122 mill	120 mill
Estimert overskot til formåla	41 mill	42 mill	83 mill	80 mill
Estimert brutto omsetning år 2003 (runda til næraste 10 mill)	310 mill			
Gevinst	190 mill			
Netto omsetning	120 mill			
Administrativ kostnad	40 mill			
Overskot	80 mill			
Formåla sin del av brutto omsetning	26%			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	67%			
Gevinstkostnad av brutto omsetning	61%			

⁶¹ Gjennomsnittleg omsetning frå 30 rekneskap (2003) kr 964 373,-. 27 rekneskap kan samanliknast med 2002, og samla vekst her er 26% i brutto omsetning. Median vekst er 20%. Vårt estimat på 1 million gir 22% vekst i gjennomsnitt.

⁶² Snittbereking for 233 rekneskap for 2002 (216 272) og snittbereking for 69 rekneskap rapportert i LOR for 2003 (219 028).

Landslotteri 2003 – organisasjonane i dei ulike kategoriane

Idrett	* Norges Badminton Forbund Norges Fotballforbund Norges Håndballforbund Norges Skiforbund Norges Skotthyllforbund Sør-Trøndelag Basketballkrets
Helse	* ADHD-foreningen Foreningen for hjertesyrke barn Foreningen for Muskelsyrke Handikappede Barns Foreldreforening Hørselshemmedes Landsforbund Landsforbundet Mot Stoffmisbruk Landsforeningen For Amputerte Landsforeningen for hjerte- og lungesyke Landsforeningen for hjerte- og lungesyke Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte Landsforeningen For Slagrammede Landsforeningen for trafikkskadde Landsforeningen til støtte ved krybbedød Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma- og Allergiforbund Norges Blindeforbund Norges Diabetesforbund Norges Døveforbund Norsk Cøliakiforening Norsk Psoriasisforbund Norsk Revmatikerforbund Norsk Thyreoideaforbund Norske Kvinners Sanitetsforening Stiftelsen Sofienlund
Musikk, kultur og fritid	* Norsk Bridgeforbund * Norsk Bridgeforbund * Oselvarlaget Norges Bygdeungdomslag Norges Musikkorps Forbund Norske 4H
Humanitær	Adopsjonsforum Flyktningerådet Kiwanis Club Tønsberg Norsk Folkehjelp Redningsselskapet Worldview Rights
Diverse	* Den indre Sjømannsmisjon * Det Norske Misjonselskap, region Nord-Norge * KVS-Lyngdal * Motorførernes Avholdsforbund ungdom * Motorførernes Avholdsforbund ungdom * Norea Mediemisjon * Oslo og Akershus krets av Norges KFUK-KFUM * Rødde Folkehøgskole Den norske Sjømannsmisjonen Det norske Arbeiderparti Det Norske Misjonselskap Elevringen bibelskolen Bildøy Bergen Framtiden i våre hender Kristelig Folkeparti Motorførernes Avholdsforbund Noregs Mållag Norges Kvinne- og Familieforbund Oppland Høyre

* er etterhandstrekt

Vedlegg

Bereknig for lokale/regionale lotteri

På grunnlag av berekningar gjort for 2002-rekneskapa, og rapporteringar i Lotteriregisteret for 2003 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldings- lotteri	Lotteri med løyve		
Brutto omsetning i snitt	22 000 ⁶³	220 000 ⁶⁴		
Samla gevinstprosent (kostnad)	14%	24%		
Overskot av brutto omsetning	81%	65%		
Tal meldingar/ løyve rapportert	2 950	150		
			Totalt	Avrunda
Estimert brutto omsetning	65 mill	33 mill	98 mill	100 mill
Estimert gevinst	9 mill	8 mill	17 mill	20 mill
Estimert netto omsetning	56 mill	25 mill	81 mill	80 mill
Estimert overskot til formåla	53 mill	21 mill	74 mill	70 mill
Estimert brutto omsetning år 2003 (runda til næraste 10 mill)	100 mill			
<u>Gevinst</u>	<u>20 mill</u>			
Netto omsetning	80 mill			
Administrativ kostnad	10 mill			
Overskot	70 mill			
Formåla sin del av brutto omsetning	70%			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	88%			
<u>Gevinstkostnad av brutto omsetning</u>	<u>20%</u>			

⁶³ Gjennomsnittleg omsetning i 371 rekneskap registrert i Lotteriregisteret for 2003 (kr 21 631).

⁶⁴ Snittberekning av 48 rekneskap for 2002 (kr 207 243) justert noko opp pga større snitt for 13 2003-rekneskap i Lotteriregisteret (kr 233 000).



LOTTERITILSYNET

Postboks 800 • 6805 Førde • Tlf. 57 82 80 00